

# Den fleirkulturelle skolen

Om opplæring for språklege minoritetar

Lover og regelverk

Læreplanar med  
retteiingar

Kartleggingsverktøy

Læringsressursar

Idéhefte til arbeid  
med språkleg  
mangfald

## Innleiing

I Noreg snakkar ein meir enn to hundre språk. Dette er ein ressurs som det er viktig å ta vare på og utvikle vidare. I staden for at ein overser den språklege kompetansen som dei fleirspråklege elevane kjem til skolen med, kan ein heller nytte desse ressursane til det beste for alle elevane. Dersom ein anerkjenner fleirspråklegheit hos elevane, vil dette vere med på å auke interessa og motivasjonen for å lære fleire språk hos alle elevar.

Vi lever i eit fleirspråkleg samfunn i ei verd som er prega av auka mobilitet og samkvem på tvers av landegrensene. Det inneber at Noreg treng mange menneskje med gode språkkunnskapar. I strategiplanen "Språk opnar dører" er det overordna mål å betre dugleiken i fleire framandspråk i tillegg til å auke interessa og motivasjon for språkopplæring.

Når ein anerkjenner fleirspråklegheit, vil dessutan fleire elevar få vissa om at røynslene deira er verdifulle. Å vere medviten om dette er eit godt utgangspunkt for fortsett læring, og det vil føre til eit ønske om å ta del i samfunnet. Dersom elevar opplever at erfaringane deira tyder noko for andre, får dei tillit til at dei har noko å yte sjølve. Det aukar motivasjonen for å ta del i sko-

len og i samfunnet. Når ein spør etter den kompetansen alle elevane har, skapar det ein tillit til at ulike erfaringar har verdi i samfunnet.

Alle elevane i norsk skole skal bli utdanna til å vere aktive i eit fleirkulturelt samfunn og i ei fleirspråkleg globalisert verd. Difor er det naudsynt å lære mest mogleg om kva det inneber å vere medborgar i eit fleirkulturelt samfunn. Dersom ein i opplæringa gjer nytte av bakgrunnen til alle elevane, vil alle elevane få eit utvida perspektiv og vere godt førebudde til å ta del i samfunnet.

## Kva seier opplæringslova om rettane til minoritetsspråklege elevar?

### Rett til tilpassa opplæring

Alle elevane, både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring, skal ha tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3.

Elevar i grunnopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk, har etter opplæringslova § 2-8 i for grunnskolen og § 3-12 for vidaregåande opplæring (og i privatskolelova § 3-5), rett til særskild språkopplæring.

Opplæringslova § 2-8 gjeld grunnskolen

og har følgjande ordlyd:

### *Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar*

Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved. Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eiga undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Opplæringslova § 3-12 gir tilsvarande rett til elevar i vidaregåande opplæring.

### **Enkeltvedtak**

Når kommune/fylkeskommune tar stilling til eleven sin rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 eller § 3-12 eller etter privatskolelova § 3-5, er vedtaket eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Det tyder at dei føresette til eleven eller eleven sjølv (alt etter alderen til eleven) kan klage på vedtaket til Fylkesmannen (via

kommunen dersom eleven går i grunnskolen)/ til fylkesmannen via fylkeskommunen (dersom eleven går i vidaregåande opplæring).

### **Kartlegging av dugleiken i norsk**


F.o.m. 1.8.2009 blei det innført eit tillegg til opplæringslova § 2-8 og § 3-12 og privatskolelova § 3-5 om at kommunane og fylkeskommunane er pålagde å gjennomføre reelle kartleggingar av dugleiken i norsk. Tillegget seier:

Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

§ 3-12 i opplæringslova og § 3-5 i privatskolelova gir fylkeskommunen/ kommunen tilsvarande ansvar i høve til vidaregåande opplæring og private skoler.

### **Vidaregåande opplæring**

I tillegg til at elevar i vidaregåande opplæring har rett til særskild språkopplæring (jf. § 3-12 i opplæringslova) har dei (jf. § 3-1 femte ledd) rett til vidare-



gåande opplæring i opp til to år ekstra når eleven treng det i høve til opplæringsmåla for den einsskilde.

Dersom søkjaren ikkje blir tatt inn til vidaregåande opplæring fordi han ikkje fyller vilkåra, vil han likevel kunne ha rett til grunnskoleopplæring for vaksne, jf. opplæringslova § 4A-1.

### **Vaksenopplæring**

Kapittel 4A i opplæringslova, ”Opplæring særskild organisert for vaksne” – har ikkje nokon særskilde ordningar for språklege minoritetar. I § 4A-12 om tilpassa opplæring – blir det likevel streka under at § 1-3 i opplæringslova gjeld tilsvarande for opplæring etter kapittel 4A.

### **Læreplanar og læringsressursar for fleispråklege elevar**

For elevar som høyrar inn under den gruppa som er omtala i opplæringslova § 2-8 eller § 3-12, er det laga læreplanar i grunnleggjande norsk og i morsmål. Til desse læreplanane er det blitt utarbeida rettleiingar og kartleggingsmateriell.

### **Læreplan for grunnleggjande norsk for språklege minoritetar**

Læreplanen er ein overgangsplan for

elevar frå språklege minoritetar som får begynnaropplæringa si i norsk når dei begynner på skole i Noreg. Elevane følgjer planen fram til dess at dei er gode nok til å følgje opplæringa etter læreplan i norsk. Opplæringa etter denne læreplanen skal fremje tilpassa opplæring i høve til gjeldande ordningar i opplæringslova, og den skal syte for at behova for særskild språkopplæring hos språklege minoritetar blir møtt.

Planen skal brukast både i grunnskolen, i vidaregåande opplæring og i grunnskoleopplæring for vaksne.

Skoleeigar/skolen avgjer om den særskilde norskopplæringa skal bli gitt etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar eller i form av særskild tilpassing innafor den ordinære læreplanen i norsk.

<http://www.udir.no/grep/Lareplan/?laereplanid=431050>

### **Kartleggingsmateriell Språk-kompetanse i grunnleggjande norsk**

I fastsetjinga om vurdering i læreplanen heiter det: ” Det er blitt utarbeida kartleggingsverktøy i samanheng med læreplanen. Når elevane har nådd måla i nivå 3 i læreplanen, skal dei følgje ordinær norskopplæring og bli vurderte i samsvar med denne. Derfor blir det

ikkje gitt vurdering med karakter.” Kartleggingsmateriellet har tre delar. Den første delen er ein språkbiografi som inneheld ei skildring av eleven sin samla dugleik i språk. Del to er eit kartleggingsverktøy som inneheld både nivåskildringar og skjema som skal brukast for å dokumentere eleven sin norsk-språklege dugleik på ymse område. Del tre er ei språkmappe der språkkompetansen til elevane kan dokumenterast. Dette materiellet skal hjelpe skolen med å vurdere når eleven er i stand til å følgje og ha utbytte av opplæringa etter læreplan i norsk, og skal fungere som hjelp til å ta avgjerda om overgang til denne læreplanen.

[http://www.udir.no/upload/Kartleggingsprover/UDIR\\_Kartleggingsmaterieell\\_bm\\_301007.pdf](http://www.udir.no/upload/Kartleggingsprover/UDIR_Kartleggingsmaterieell_bm_301007.pdf)

### Læreplan i morsmål for språklege minoritetar

Læreplanen kan brukast både i grunnskolen og innafor vidaregåande opplæring. Opplæringa etter denne læreplanen skal saman med læreplanen i grunnleggjande norsk fremje tilpassa opplæring i høve til gjeldande ordningar i opplæringslova. Det går fram av premissane for morsmålsopplæringa at læreplanen i morsmål for språklege minoritetar er ein overgangsplan som bare skal brukast til elevane kan følgje opp-

læring etter den ordinære læreplanen i norsk. Læreplanen er nivåbasert, ikkje knytt til alder, og den gjeld for elevar med ulik alder og erfaringsbakgrunn.

<http://www.udir.no/grep/Lareplan/?laereplanid=432536>

Det har blitt laga *retteleingar* til læreplanane i grunnleggjande norsk og morsmål for minoritetar. Rettleiing til læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar:

<http://www.hio.no/Enheter/NAFO/Laereplaner/Veiledning-til-laereplan-i-grunnleggende-norsk-for-spraaklige-minoriteter>

Rettleiing til læreplan i morsmål for språklege minoritetar:

<http://www.hio.no/Enheter/NAFO/Laereplaner/Veiledning-til-laereplanen-i-morsmaal-for-spraaklige-minoriteter>

### Kartleggingsressursar utarbeida av NAFO

#### Kartlegging av skolefagleg dugleik hos minoritetsspråklege elevar som nett er komme

Kartlegginga skal kartleggje skolebakgrunn og skolefagleg dugleik. Meininga med kartleggingsverktøyet er at det kan hjelpe til å gi den einskilde eleven ei opplæring som er tilpassa betre, og mogleikar til vidare skolegang og gjennomføring av denne.

Kartlegginga er delt i tre:

*Første del* skal gi informasjon om skolebakgrunnen, kva var undervisningsspråket, kor langt er eit skoleår, kor mange år tar det å fullføre grunnskolen, pedagogiske tradisjonar, fag og fagsamansetjing. Vidare blir annan dugleik og andre røynsler av eleven kartlagt, m.a. språkkompetanse, arbeidserfaringar, samt kunnskapar og dugleik som han har tilegna seg utafor opplæringsinstitusjonar.

*Den andre delen* skal gi informasjon om kunnskap innafor faga engelsk, naturfag, samfunnsfag og matematikk, samt dugleik til å bruke pc som eit hjelpemiddel og ein arbeidsreiskap. Desse faga er blitt plukka ut fordi dei er basisfaga i opplæringa.

*Den tredje delen* er ei kort kartlegging som skal syne om eleven kan lese og skrive på morsmålet eller et andrespråk. Ein viser her til prøver for avkodingsdugleik og forståing av enklare tekst på 12 ulike morsmål i tillegg til at det er blitt utvikla ei prøve for ordavkodning og forståing på setnings- og tekstnivå på somali, engelsk, karen og norsk.

<http://www.hio.no/Enheter/NAFO/Kartleggingsmaterieell/Kartleggingsmaterieell-nyankomne-minoritetsspraaklige-ungdommer>

### **Kartlegging av lesedugleik på ulike morsmål**

Det er blitt utarbeida kartleggingsprøver for avkodingsdugleik og forståing av enklare tekst på 12 ulike morsmål. Kartleggingsprøver som tidlegare er blitt laga av Lesesenteret i Stavanger, har danna mønster for prøvene. Prø-

 Utdanningsdirektoratet

## **Kartleggingsmaterieell**

Kartlegging av skolefaglige ferdigheter hos  
nyankomne minoritetsspråklige ungdommer

vene og ei lærarrettleiing for andre og tredje trinn i grunnopplæringa ligg føre på følgjande språk: albansk, arabisk, kurdisk (sorani), persisk (farsi), polsk, somali, spansk, tamil, thai, tyrkisk, urdu, vietnamesisk.

Vidare skal det komme prøver på russisk og kurdisk kurmanci. På fjerde eller femte trinn er det blitt utvikla ei kartleggingsprøve med lærarrettleiing på tre språk: albans, somali og tyrkisk. Prøvene kan brukast overfor eldre elevar, men då må læraren ta omsyn til kor mykje leseopplæring eleven har hatt på morsmålet.


Prøvene kan tingast via <http://bestilling.utdanningsdirektoratet.no/>

### Idéhefte for kulturelt mangfald

NAFO har utarbeida eit idéhefte som set søkjelys på korleis språkleg og kulturelt mangfald kan nyttast til styrking og vinning for alle elevar i grunnskolen. I dette heftet blir det presentert idear til korleis det språklege og kulturelle mangfaldet kan gjerast synleg på skolen og i klasserommet. Vidare inneheld det idear til korleis mangfaldet skal kunne nyttast i samanheng med grunnleggjande dugleik innafor dei ulike faga.

## Idéhefte

Språklig og kulturelt mangfold – en ressurs i opplæringen



Det finst mange gode døme på slikt arbeid rundt omkring i landet. I dette heftet er det blitt samla nokre av desse ideane, men NAFO vil gjerne ha med fleire! Heftet skal oppdaterast minst ein gong i året, og de vil då vere sentrale bidragsytarar.

<http://www.hio.no/Enheter/NAFO/Ressursbank/Idehefte.-Spraklig-og-kulturelt-mangfold-en-ressurs-i-opplaeringen>

Brosjyre er utarbeida av NAFO (Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring). For meir informasjon om NAFO sjå [www.hio.no/nafo](http://www.hio.no/nafo)

Schweigaards gate 15 B  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)

**NAFO**  
Nasjonalt senter for fler kulturell opplæring

Postboks 4, St. Olavs plass  
0130 Oslo  
Besøksadresse: Wergelandsveien 27  
tlf. 22 45 22 82  
[nafo@hio.no](mailto:nafo@hio.no)